

# Årsmelding for 2018, OIL friidrettsgruppa



## Styret i 2018

Leiar:	Herdis Helle (2018)
Nestleiar:	Bjarte Vik (2018-2019)
Kasserar:	Arne Reigstad (2018-2019)
Oppmann jenter og gutar:	Sonja Loftås (2017-2018)
Styremedlem:	Karoline Loftås (2017-2018)
Styremedlem:	Helge Tysse (2018-2019)
Styremedlem:	Kurt Vatle (2018-2019)
Varamedlem:	Helga Reigstad (2018)
Varamedlem:	Kjetil Stokke (2018)

Valnemnd: Tore Hannisdal (leiar), Ingri Mjelde Birkeland og Mats-Eirik Elvik.

Styret har i 2018/2019 hatt fem styremøte og handsama 38 saker. Utanom styremøtet har styret hatt kontakt på treningar/arrangement, per e-post og telefon. Sjølv med fleire nye styremedlemer, skjer mykje av drifta av friidrettsgruppa på rutine. Går ein nokre år tilbake, var det vanleg med både fleire styremøte og underutval. Slik drifta er no reduserer ein bruken av ressursar som går med til administrativt arbeid, samstundes som det blir brukt litt for lite tid til nytenking og klubbutvikling.

NM terrengløp i Mjeldalen helga 7.-8. april 2018 vart svært vellukka, m.a. takka vera eit omfattande førearbeid og litt flaks med vêret under NM. Fleire i styret var med i hovudkomiteen, så mykje av innsatsen første del av 2018 har gått med der. Elles har styret arbeidd med dei regulære arrangementa, med sponsor-/økonomiarbeid og med trenar- og utøvarkontraktar. Styret arrangerte elles ein svært vellukka middag i klubbhuset for sponsorbedriftene. Stor takk til kokk Elin Bergan og resten av dugnadsgjengen.

Hundreårsjubileet for Osterøy IL har naturleg nok stått i sentrum – også for friidrettsgruppa. I jubileumsåret har gruppa hatt to store idrettsarrangement; NM terrengløp korte løyper i Mjeldalen og Regionale ungdomsleikar for 13- og 14-åringar på Osterøy Stadion. Andre reine jubileumsarrangement der friidrettsgruppa har bidrege aktivt er: Jubileumsfesten i mars (der Karl Johan Reigstad sat i nemnda), jubileumsutstilling ved Osterøy Museum (organisert av Vidar Simmenes og Bjarte Vik), aktivitetsarrangement for born og unge (der Mats-Eirik Elvik var ansvarleg), og Jubileumsboka som kom ut i desember, med Bjarte Vik som redaktør. Boka er på 331 sider, har 500-600 bilde og er ein grundig dokumentasjon av desse hundre åra. Vidar Simmenes vart utnemnd til heidersmedlem i idrettslaget i 2018, ikkje minst for hans eineståande innsats med å ta vare på den skriftlege historia til idrettslaget. I løpet av 2018 har Vidar levert inn mange arkivboksar med materiale til Osterøy Museum, og mykje av dette har han digitalisert og gjort tilgjengeleg på nettsidene til idrettslaget.

## Representasjon:

Ingen frå friidrettsgruppa deltok på kretstinget 2018.

## **Prisar**

Årets utøvar vart Sigrid Borge.

Sigrid Borge fekk Kongepokalen under NM i Byrkjelo.

Anniken Mjelde fekk årets stimulansepremie.

1000 poeng-nål gjekk til Sigrid Borge, Magnus Reigstad, Magnus Gjerstad, Frank Odin Niyokindi og Marie Mostrau.

Prisen til Helga Reigstad som årets trenar i Hordaland 2017, som vart offentleggjort på kretstinget i mars 2018, vart delt ut under ei trening på Hatland.

## **Årsfest**

Årsfesten vart halden i klubbhuset etter måndagstreninga 26. november. Foreldre frå Team Ungdom-gruppa stilte opp og kokte graut. Som vanleg vart det delt ut prisar til Årets utøvar, Stimulansepremien, 1000 poeng-nåler og premiar til beste poengsankarar i serien. Det var også kahoot-quiz som fenga dei over 40 små og store på festen.

## **Trenarar i 2018** (høgste fullførte trenarutdanning i parentes)

Andreas Markmanrud, fram til sommaren

Karoline Loftås, fram til sommaren

Geir Atle Mjelde, fram til sommaren

Mats-Eirik Elvik (trenar 1)

Bjarte Lohne (trenar 2: hopp)

Helga Reigstad (trenar 2 kast, held på med trenar 3)

Arne Reigstad (trenar 2: hopp og kast)

Frode Langhelle (trenar 1, fysioterapeut)

Karl Johan Reigstad (trenar 2: sprint/hekk, langdistanse, kast)

Bjarte Vik (trenar 2: løp, hopp og kast)

På Mats-Eirik Elvik sitt parti (nest yngste gruppe) har det vore med nokre foreldre i rulleringsordning.

## **Dommarar og startarar:**

Inge J. Reigstad (FD/FS, òg med i kretsen sitt startarteam), Arne Reigstad (KD/KS), Karl J. Reigstad (FD), John Bernes (KD), Randi Kleppe (KD), Bjarne Langhelle (KD), Bjarte Lohne (KD), Harald Løtveit (KD), Helga Reigstad (KD), Sigbjørn Reigstad (KD), Liv Simmenes (KD), Vidar Simmenes (KD), Ann Christin Reigstad (KD), Åse Bergheim (KD), Geir Kleppe (KD), Ingrid Kleppe (KD), Bernt Johan Flæsland (KD), Eystein Markmanrud (KD), Kjetil Stokke (KD), Irene Stokke (KD), Christian Lampe (KD), Jan Magne Langeland (KD), Petter Hennig Sæbø (HA), Annette Bru (KD), Bjarte Vik (KD), Magne Vikne (KD), Terje Simmenes (KD), Karoline Loftås (KD), Torbjørn Simmenes (KD), Markus Loftås (KD), Markus Markmanrud (KD), Sigrid Borge (KD), Trygve Fedje Mjelde (KD), Marit Iren Reigstad (KD)

Ein del av desse er ikkje med i idrettslaget lenger, men er i den aktive «reservetroppen».

## **Sportsleg aktivitet i 2018-sesongen**

### **Friidrettsskulen: 2-4. klasse**

Kvar måndag fram til sommaren 2018 har det vore friidrettsskule for 2. til 4. klasse på Hatland.

Andreas Markmanrud og Karoline Loftås har hatt ansvar for dette yngste partiet. Oppmøtet på treningane varierer noko. Det brukar å delta mellom fem og tjue ungar. Gruppa er krevjande, og ein skulle helst hatt med fleire instruktørar, eventuelt hatt ei velfungerande rulleringsordning for

foreldremedhjelparar. Andreas og Karoline ønskte ikkje å halda fram etter sommarferien, og styret vedtok då å leggja tilbodet for dei under 10 år på is fram til ein får inn fleire trenarkrefter, eventuelt arbeida for eit allsidig idrettsskuletilbod på Osterøy.

Det vart halde eit reint rekruttstevne på Osterøy Stadion om våren, med svært låg deltaking. I tillegg hadde partiet to lag i klassen Miks rekrutt på Fri-stafetten og deltok i OM i terrengløp på Hosanger. Haustens rekruttstevne på Hatland vart avlyst, sidan ein ikkje lenger hadde treningstilbod for denne aldersgruppa.

### **Gutar/jenter 10-13 år**

Friidrettsgruppa har hatt faste treningar kvar måndag på friidrettsbana ved Hatland. I vintersesongen har denne treninga vore kombinert med innandørstrening i Osterøyhallen. Det møter 10-15 stk. på kvar trening. Hovudtrenar for gruppa har vore Mats-Eirik Elvik, men han har tidvis fått god hjelp av foreldre som har stilt opp som hjelpetrenar. Utanom dei faste treningane har det vore nokre treningar i friidrettshallen på Leikvang.

I april deltok gruppa på Fri-stafetten, og under Trond Mohn-leikane på Fana Stadion i august stilte eit jentelag i den innlagte stafetten. Nokre av utøvarane er flinke til å vera med på stevne, men me hadde gjerne sett at fleire deltek meir aktivt. Det er enklast å få utøvarane med på lokale stevne på Osterøy. Ei utfordring er å få trenarane/oppmenn til mobilisera og arrangera felles reiser og opplegg til stevne utanfor kommunen.

Våren 2018 var det treningar for 1-7. klasse i Haus, med Geir Atle Mjelde som hovudtrenar. Denne treninga fall bort etter sommaren grunna manglande trenarressursar. Tradisjonelt har det kome mange gode friidrettsutøvarar frå Haus, og ein bør leggja innsats i å få i gang eit nytt treningstilbod i bygda. Det var elles halde to utandørsstevne i Haus, primært med deltaking av born i barneskulealder.

Gruppa deltok på Fri-stafetten 11.april med utøvarar både frå treningspartiet på Hatland og partiet frå Haus i klassen 11-14 år. Ungane synest det er veldig gøy med stafettar. Plasseringane vart slik:

Jenter 11-14: Nr. 5 av 13 lag med tid 6.27,37.

Gutar 11-14: Nr. 11 og nr. 12 av 13 lag med tida 6.24,40 og 6.24,43.

Miks 11-17: Nr. 3 og 8 av 12 lag med tida 5.12,20 og 5.45,90.

### **Lerøylekene**

Marie Mostrau (14) representerte Hordaland på Lerøylekene; Regionale ungdomsleikar på Hatland 8.-9. september. Ho fekk sølv på 600m med 1.40,14 og tok bronse på 1500m med 5.11,86 – bak Emma og Anna Hanstveit frå Mjøsdaalen. Marie Mostrau vekslar mellom ski om vinteren og friidrett om sommaren, og er eit flott talent på mellom- og langdistanse. Ho vart også største poengsankar i jenteserien.

### **Gutar og jenter 14-19 år**

Stor resultatmessig framgang og god oppslutnad på trening pregar også sesongen 2018. Etter generasjonsskiftet i 2017, der nokre av dei beste aktive gav seg, ser ein no fleire ungdomar som kan hevda seg i norske seniormeisterskap i åra som kjem. Deltakartalet i junior-NM dobla seg til fire frå året før, her deltok Magnus Gjerstad, Magnus Reigstad, Frank Odin Niyonkindi og Marianne Feidje Mjelde.

Magnus Gjerstad (18) har nærmast revolusjonert lagsrekordane for junior på langdistanse, og klarte kravet til Hovud-NM på 10.000m i oktober med 31.46,1. Rett etterpå sprang han 10 km gateløp

(Hytteplanmila) på 30.53. Han forbedra seg elles på alle distansar, m.a. til 4.06,46 på 1500m, 8.41,08 på 3000m og 15.04,69 på 5000m. I den sterke juniorklassen vart Magnus nr. 6 i terreng NM i Mjeldalen om våren, og nr. 5 i lang løype om hausten, få sekund bak medalje. Magnus var også svært nær ein plass på laget til Nordisk Meisterskap i terrengløp, det same laget som seinare tok lag-gull i EM terrengløp.

Magnus Reigstad (15) heldt fram den gode utviklinga i sprint og hopp, mellom anna med UM-gull på 6,49 i ein svært spennande lengdekonkurranse. Han vart nr. 4 på 200m. Persen på 6.53 i lengde gjev heile 1075 poeng etter Tyrvingtabellen.

Frank Odin Niyonkindi (16) tok bronse i UM på 200m med 23,45. Han er godt over 1000 poeng både på 60m, 100m og 200m.

Allsidige Marianne Feidje Mjelde (17) sette lagsrekord i tresteg for senior med 11,09, og deltok både på ungdoms-NM og junior-NM, der ein bronse i kule under ungdoms-NM vart hennar beste plassering. Resultat 11,70 med 3 kg kule. Marianne deltek også på mellomdistanseløp, med 2.25,82 som beste resultat på 800m.

Utanom desse fire alt nemnde, kvalifiserte òg Fredrik Strand Blichfeldt (16) seg til UM på 300 m hekk med tida 45,86, sett på Osterøy Stadion. I UM vart Fredrik nr. 6.

Innsatsen til juniordamene i Askstafetten må også takast med. Ingvild B. Martinsen, Anniken Mjelde, Marianne F. Mjelde og Frida Fitje tok 4. plass i kamp mot fleire av landets beste juniorar. Her har Osterøy ein flott gjeng å byggja eit lag rundt.

Av gutane følgde Joakim Magnussen og Oscar Knutsen godt opp debutsesongen året før. Joakim var nær ved å klara UM-kravet på 300m hekk.

Det må elles nemnast at gruppa hadde treningsleir for det såkalla Team ungdom i Portugal i mars månad, samt ei helgesamling i Strandebarm i november, begge med god oppslutnad. Mange var også med til Verldsongdomsspelen i Gøteborg, med svært gode resultat. Både Magnus Reigstad og Marie Mostraum tok bronse i svært godt selskap.

Trenarar for denne aldersgruppa er Bjarte Lohne, Arne Reigstad, Helga Reigstad og Bjarte Vik.

### **Junior og senior**

2018 er året då Sigrid Borge for alvor etablerte seg i verdstoppen. Hennar lengste resultat kom alt 10. mars då ho vann European Throwing Cup i Portugal med 62,32. Under spystevnet i samband med treningssamlinga for landets beste kvinnelege spydkastarar på Osterøy i juli, sette ho ny banerekord med 62,31. Sigrid deltok i 15 stevne, og i sju av dei noterte ho kast over 60 meter. Ho kasta i fire Diamond League-stevne med desse plasseringane: Lausanne 5. plass 61,12, Bislett 4. plass 61,11, Zürich 7. plass 59,57 og London 7. plass 57,12. Under årets store mål, EM i Berlin i august, kvalifiserte ho seg til finalen, der ho vart nr. 8 med 59,60. Størst stas for laget denne sesongen, var nok likevel Kongepokalen Sigrid vann etter sitt tredje NM-gull på rad. Ho kasta 60,70 under vanskelege vindforhold i Byrkjelo. Team Borge, som vart etablert i 2017, har fungert svært godt med hovudtrenar Helga Reigstad, Arne Reigstad og Bjarte Lohne som basistrenarar og fysioterapeut Frode Langhelle. Gode sponsoravtalar er med og sikrar satsinga.

Trygve Feidje Mjelde (f. 1994) presterte fleire gode løp på 800m – utan at det lukkast å setja nye personlege rekordar på bane dette året. Beste resultat vart 51.74 på 400m, 1.53,61 på 800m og 3.57.91 på 1500m. Overgangen frå student til jobb som fysioterapeut, får saman med periodevis litt for tøff trening, ta skulda for stagnasjonen. I NM i Byrkjelo var han nær ved å kvalifisera seg til

finalen både på 800m og 1500m. Trygve presterte svært godt under NM terrengløp på heimebane, med ein 7. plass individuelt og 5. plass i stafetten saman med Magnus Gjerstad, berre 13 sekund bak Gular på bronse. I skrivande stund lovar vintertreninga godt føre sesongen 2019. Frode Langhelle er trenaren til Trygve.

Kjetil Stokke (f. 1991) forbetra sin eigen lagsrekord i spyd frå 54,98 til 57,53. Med det var han berre ein snau halvmeter frå å kvalifisera seg til Hovud-NM. Dessverre fekk Kjetil ein skade i armen som hindra han i å konkurrera i spyd etter dei lovande stevna i juni. Kjetil er elles ein treningsvillig og allsidig kar – som ikkje minst er viktig som treningspartner for Sigrid i Team Borge. Med 10.17,28 på 3000m er han nok av dei mest kondisjonssterke spydkastarane i landet.

I herre senior stilte Osterøy stafettlag i Fristafetten og Askstafetten. På Ask 1. mai sprang Kjetil Stokke, Trygve F. Mjelde, Joakim Magnussen, Markus Loftås, Sigbjørn Reigstad og Mussie Oukbe. Tida vart 15,53. Markus Loftås har no omskolert seg frå hekkeløpar til langdistanseløpar, med 8.59 på 3000m og 33.18 på 10 km gateløp som beste resultat.

### **Veteranar**

2018 var ein brukbar veteransesong for menn, medan kvinnene manglar den breidda av spesielt løparar som ein hadde for nokre år sidan. Største poengsankarar vart MV 3457p John Bernes og KV 2920p Helga Reigstad, begge med fem resultat. I veteranserien vart dei nyopprykkta kvinnene nr. 7 av 10 lag i 1. divisjon. Menn veteran vart nr. 7 i 1. divisjon.

Arne Mjelde tok seks NM-medaljar i Stjørdal, og i Nordisk meisterskap i Sverige tok Arne ein gull, to sølv og ein bronse. Her var også Paul Bruvik med og tok sølv på 800m. Paul var også den einaste frå Osterøy IL som stilte i VM for veteranar i Spania. Han skaffa elles friidrettsgruppa svært gode dugnadspengar etter stor innsats med Trond Mohn Games på Fana. Randi Kleppe fekk sesongen sterkt redusert av skade, men sikra likevel gode seriepoeng og fleire KM-gull på tampen av sesongen. Det kan elles nemnast at Øyvind Bernes gjekk til moderklubben Mjøsdaalen før sesongen.

Team Batti, med Bjarte Vik som trenar, har eit tilbod og miljø som mange veteranar trivst med. Dette er eit lågterskeltilbod både for hardsatsande konkurranseløparar og mosjonistar. Sjølv om treningsoppmøtet varierer opplever ein stadig ny rekruttering av ungdommeleg veteranar. Målsetjinga står framleis fast, om å få fleire med i nasjonale og internasjonale veteranmeisterskap i åra som kjem. I lokale stafettar gjer menn veteranar det godt, men dessverre er ikkje oppslutninga den heilt store.

Ein aktiv veteranoppmann, med gode evne som innpiskar og motivator, ville nok ha ført til større deltaking av veteranar i Osterøy IL.

### **Serieresultat og statistikk**

Største poengskårarar i serien 2018 på førstelaga:

MS	3595p	Magnus Gjerstad	5 resultat
KS	2889p	Marianne Feidje Mjelde	5 resultat
MV	3457p	John Bernes	5 resultat pr. 21.10.
KV	2920p	Helga Reigstad	5 resultat pr. 28.11.
Gutar	7570p	Magnus Reigstad	8 resultat
Jenter	6877p	Marie Mostrøm	8 resultat

**Jenter kretsserien:**

2018	2017	2016
<b>1.div 38/40 30093p nr. 5</b>	1.div 40/40 30999p nr. 5	1.div. 38/40 31145 nr. 4
		2.div. 28/30 16991 nr. 9 <b>ned</b>
<b>3.div 25/25 14170 nr. 5</b>	3.div 25/25 14713 nr. 4	3.div. 20/25 10998 nr. 7
	3.div 20/25 8351 nr. 10 <b>nedrykk</b>	
<b>4.div 10/20 4776 nr. 7</b>	4.div 6/20 3536 nr. 6	4.div. 12/20 4993 nr. 6
<b>4.div 6/20 3999 nr. 8</b>	4.div 6/20 2875 nr. 7	4.div. 6/20 4028 nr. 7
<b>4.div 6/20 3909 nr. 9 ned</b>		
<b>5.div 4/15 2469 nr. 10</b>		5.div. 4/15 2564 nr. 18
<b>5.div 4/15 2404 nr. 11</b>		5.div. 4/15 2480 nr. 19
<b>5.div 4/15 2286 nr. 15</b>		5.div. 4/15 2408 nr. 20
<b>5.div 4/15 2092 nr. 17</b>		

**Gutar kretsserien:**

2018	2017	2016
<b>Elite 59/60 47910 nr. 8 ned</b>		
	1.div 50/50 41998 nr. 2 <b>opprykk</b>	1.div 46/50 39507 nr. 5
<b>2.div 37/40 22466 nr. 7</b>	2.div 39/40 26339 nr. 4	2.div 37/40 25224 nr. 5
<b>2.div 33/40 17819 nr. 9 ned</b>		2.div 37/40 22079 nr. 10 <b>ned</b>
<b>3.div 22/30 11500 nr. 8</b>	3.div 30/30 18282 nr. 2 <b>opprykk</b>	
	3.div 30/30 15662 nr. 5	3.div 30/30 15088 nr. 6
<b>4.div 13/25 6626 nr. 9 ned</b>	4.div 25/25 10796 nr. 3	4.div 25/25 9586 nr. 6
<b>5.div 6/20 4095 nr. 14</b>	5.div 19/20 7016 nr. 6	5.div 20/20 5867 nr. 15
<b>5.div 6/20 3969 nr. 15</b>	5.div 16/20 5525 nr. 9	5.div 13/20 4651 nr. 19
<b>5.div 6/20 3859 nr. 17</b>	5.div 13/20 4161 nr. 14	5.div 10/20 4207 nr. 20
<b>5.div 6/20 3736 nr. 18</b>	5.div 6/20 3581 nr. 17	5.div 6/20 3754 nr. 22
<b>5.div 6/20 3515 nr. 21</b>	5.div 6/20 3467 nr. 18	5.div 6/20 3671 nr. 23
<b>5.div 6/20 3425 nr. 23</b>		
<b>5.div 6/20 3234 nr. 24</b>		
<b>5.div 6/20 3037 nr. 25</b>		

**Kvinner senior landsserien:**

2018 pr. 31.10.	2017	2016 pr. 18.10.
<b>3.div 18/20 10013 nr. 28 av 131</b>	3.div. 19/20 10744 nr. 22	3.div 17/20 9835 nr. 29/140
<b>3.div 10/20 1872</b>	3.div. 9/20 2086	3.div 10/20 2750

**Menn senior landsserien:**

2018 pr. 31.10.	2017	2016 pr.
<b>2.div 25/25 15847 nr. 8 av 14</b>	2.div 25/25 15601 nr. 10	3.div 20/20 14270 nr. 1/147 og <b>opprykk</b>
<b>3.div 17/20 7455 nr. 71 av 134</b>	3.div 17/20 6816 nr. 91	3.div 19/20 8699 nr. 55/147
<b>3.div 13/20 4188</b>	3.div 14/20 3463	3.div 17/20 5763 nr. 133/147

**Kvinner veteran landsserien:**

2018 pr. 31.12	2017 pr. 31.12.	2016 pr. 31.12.
<b>1.div 15/15 7132 nr. 7 av 10</b>		1.div. 15/15 7118 nr. 8/10 og nedrykk
	2.div. 10/10 4948 nr. 1 av 10 og opprykk	

**Menn veteran landsserien:**

2018 pr. 31.12.	2017 pr. 31.12.	2016 pr. 31.12.
<b>1.div 20/20 14166 nr. 7 av 20</b>	1.div. 20/20 14091 nr. 6 av 20	1.div. 20/20 13636 nr. 9/20
<b>2.div 13/15 6880 nr. 14 av 20</b>	2.div. 14/15 8487 nr. 12 av 20	2.div. 12/15 6767 nr. 15/20
<b>4.div 6/10 2837 nr. 56 av 249</b>	4.div. 6/10 3072 nr. 44 av 210	4.div. 4/10 1692 nr. 114/230
	4.div. 2/10 812 nr. 158 av 210	

**Desse har oppnådd 1000 poeng 2018**

62,42	Sigrid	Borge	1995	spyd 600g	Leira/Portugal	180310		1041
6,53	Magnus	Reigstad	2003	Lengde	Ullevi/Swe	180629	0.4	1076
31,46,1	Magnus	Gjerstad	2000	10000m	Osterøy st	181003		1044
15,04,69	Magnus	Gjerstad	2000	5000m	Gjøteborg/Swe	180629		1037
23,16	Frank Odin	Niyokindi	2002	200m	Fana st	180601	0.7	1028
2,19,24	Marie	Mostrau	2004	800m	Ullevi/Swe	180629		1026
8,41,08	Magnus	Gjerstad	2000	3000m	Overhalla	180831		1024
11,57	Frank Odin	Niyokindi	2002	100m	Fana st	180603	-.0.1	1022
23,92	Magnus	Reigstad	2003	200m	Bislett	180825	+.0.6	1006
7,39	Frank Odin	Niyokindi	2002	60m	Fana st	180602	-.0.1	1002

**Medaljar i meisterskap 2018**

Bronse	Arne	Mjelde	1942	NM VET	6,58,44	1500m	MV75-79	Stjørdal	180826
Bronse	Arne	Mjelde	1942	Nordisk VM	3,05,66	800m	MV75-79	Borås&/Swe	180707
Gull	Arne	Mjelde	1942	Nordisk VM	1,16,50	400m	MV75-79	Borås&/Swe	180708
Gull	Arne	Mjelde	1942	NM VET	34,17	200m	MV75-79	Stjørdal	180825
Gull	Arne	Mjelde	1942	NM VET	3. etappe Hordaland	1000mst	MV70-79	Stjørdal	180825
Gull	Arne	Mjelde	1942	NM VET	1,16,80	400m	MV75-79	Stjørdal	180826
Sølv	Arne	Mjelde	1942	NM Terreng kort	16,30,9	3 km	MV75-79	Haus/Osterøy	180407
Sølv	Arne	Mjelde	1942	Nordisk VM	33,88	200	MV75-79	Borås&/Swe	180707
Sølv	Arne	Mjelde	1942	Nordisk VM	6,28,40	1500	MV75-79	Borås&/Swe	180708
Sølv	Arne	Mjelde	1942	NM VET	3,15,96	800m	MV75-79	Stjørdal	180824
Sølv	Arne	Mjelde	1942	NM VET	16,45	100m	MV75-79	Stjørdal	180824
Bronse	Frank Odin	Niyokindi	2002	UM	23,45	2000m	G-16	Overhalla	180902
Gull	Joakim J	Magnussen	2001	KM	25,33	200m	G-17	Fana st	180922
Gull	Joakim J	Magnussen	2001	KM	56,35	400m	G-17	Fana st	180923

Gull	John	Bernes	1944	KM VET	2,56,54	800m	MV70-74	Kuventræ/Os	190929
Gull	John	Bernes	1944	KM VET	3,70	lengde	MV70-74	Kuventræ/Os	190929
Gull	John	Bernes	1944	KM VET	29,53	sp500	MV70-74	Kuventræ/Os	190930
Gull	John	Bernes	1944	KM VET	8,69	tresteg	MV70-74	Kuventræ/Os	190930
Gull	John	Bernes	1944	NM Terreng kort	14,04,2	3 km	MV70-74	Haus/Osterøy	180407
Bronse	Kjetil	Monstad	1973	NM Terreng kort	11,23,1	3 km	MV45-49	Haus/Osterøy	180407
Bronse	Kjetil	Monstad	1973	KM	16,23,61	5000m	MS	Fana st	180923
Gull	Kurt	Vatle	1959	KM VET	30,29	200m	MV55-59	Kuventræ/Os	190929
Gull	Kurt	Vatle	1959	KM VET	2,45,49	800m	MV55-59	Kuventræ/Os	190929
Gull	Kurt	Vatle	1959	KM VET	67,93	400m	MV55-59	Kuventræ/Os	190930
Gull	Magnus	Reigstad	2003	Sør Vest	5,63	lengde	g15-16	Sandnes	180124
Gull	Magnus	Reigstad	2003	UM	6,49	lengde	G-15	Overhalla	180901
Bronse	Marianne F	Mjelde	2001	UM	11,79	ku3	J-17	Overhalla	180831
Gull	Marianne F	Mjelde	2001	KM	11,09	tresteg	J-17	Fana st	180922
Gull	Marianne F	Mjelde	2001	KM	11,49	ku3	J-17	Fana st	180922
Bronse	Marie	Mostraum	2004	Reg ung.leker	5,11,86	1500m	J-14	Osterøy st	180909
Sølv	Marie	Mostraum	2004	Reg ung.leker	1,40,14	600m	J-14	Osterøy st	180908
Gull	Oscar	Knutsen	2001	KM	2,15,34	800m	G-17	Fana st	180922
Sølv	Oscar	Knutsen	2001	KM	57,59	400m	G-17	Fana st	180923
Sølv	Paul	Bruvik	1943	Nordisk VM	3,01,85	800m	MV75-79	Borås&/Swe	180707
Gull	Randi	Kleppe	1949	KM VET	19,30	100m	KV65-69	Kuventræ/Os	190930
Gull	Randi	Kleppe	1949	KM VET	1,40,34	400m	KV65-69	Kuventræ/Os	190930
Gull	Randi	Kleppe	1949	KM VET	5,28	ku3	KV65-69	Kuventræ/Os	190930
Gull	Randi	Kleppe	1949	KM VET	5,04	tresteg	KV65-69	Kuventræ/Os	190930
Sølv	Sigbjørn	Reigstad	1978	NM Terreng kort	10,49,5	3 km	MV40-44	Haus/Osterøy	180407
8.plass	Sigrid	Borge	1995	EM	59,6	spyd	ks	Berlin	180810
Gull	Sigrid	Borge	1995	NM	60,7	spyd	ks	Byrkjelo	180819
Kongepokal	Sigrid	Borge	1995	NM	60,7	spyd	ks	Byrkjelo	180819
Sølv	Steffen R	Fanebust	2006	KM	9,04	60m	G-12	Fana st	180922
Sølv	Steffen R	Fanebust	2006	KM	9,04	200m	G-12	Fana st	180923
Sølv	Terje	Simmenes	1973	NM Terreng kort	11,06,0	3 km	MV45-49	Haus/Osterøy	180407
Gull	Tore	Hannisdal	1969	KM VET	2,31,97	800m	MV45-49	Kuventræ/Os	190929

### Eigne arrangement

Frøidrettsgruppa har hatt vel 40 arrangement i 2018. Det har vore fire ordinære karusellstevne på Osterøy Stadion, tre stevne med berre ei øving (kule, spyd og 10.000m), eit rekruttstevne og Lerøylekene. Det har vore to seriestevne i Haus. I tillegg har vi hatt fleire innandørs hoppstevne, Valestrandmarka rundt (eitt av dei med innlagt Ole Bull Løp), Bjarthe Viks eliteløp, Haustrimmen, Brakvatnet vinterkarusell, Stemmeseggi opp og over og Sport 1 Brakvatnet halvmaraton. (Osterøymeisterskap i terrengløp vart i år arrangert av Mjøsdaalen). I 2018 vart det ikkje avvikla frøidrettskule om sommaren.

I tillegg dei faste arrangementa arrangerte frøidrettsgruppa Regionale Ungdomsleikar (Lerøylekene) for 10. og siste gong i denne omgang. I 2019 overtek Haugesund IL. Leikane har vore vår desidert største dugnad dei siste åra, med mange i sving og med betydelege inntekter. Også i år fekk



arrangementet mykje skryt. Ein stor takk til alle som har stilt opp, spesielt til dei som har drege det tyngste lasset i arrangementskomiteen.

Størst fokus på og arbeid med var nok likevel NM terrengløp korte løyper og stafett i Mjeldalen 7.-8. april. Individuelt deltok det rundt 200 laurdag, medan 12 kvinnelag og 18 herrelag stilte til start i stafetten søndag. I barneløpet starta 160. Vêret og underlaget i løypa gav oss nokre nervepirrande dagar i forkant, men på sjølve NM-dagane var det gode forhold. NM i Mjeldalen 2018, må seiast å vera svært vellukka, nett som i 2002. Ein stor takk til leiar Bjarte Lohne og resten av NM-komiteen for godt arbeid. Utanom Bjarte sat desse i komiteen: Arne Reigstad (økonomi), Karl Johan Reigstad (løype), Vidar Simmenes (sekretariat/nettside), Helga Reigstad (sponsorarbeid), Bjarte Vik (utøvarkontakt), Herdis Helle (sekretær), Åse Bergheim (barneløp). Eit evalueringsmøte i etterkant viste vilje til å søkja om nytt terreng-NM innan fem år, for dra nytte av kompetanse og erfaringar når dei framleis er friskt i minne.

Sport 1 Brakvatnet Halvmaraton vart noko prega av regn, og deltakartalet var lågare enn kva ein kunne håpa på. Skal ein få fleire med, må ein starta arbeidet langt tidlegare.

### Medlemsstal for 2018

	0-5 år	6-12 år	13-19 år	20-25 år	26 år og eldre	Totalt
<b>Kvinner</b>	0	18	27	3	27	75
<b>Menn</b>	0	22	23	8	52	105
<b>Totalt</b>	<b>0</b>	<b>40</b>	<b>50</b>	<b>11</b>	<b>79</b>	<b>180</b>
<i>Totalt, 2017</i>	<i>0</i>	<i>50</i>	<i>40</i>	<i>12</i>	<i>80</i>	<i>182</i>

### Medlemsutvikling

	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018
<b>Kvinner</b>	-	?	?	?	113	108	102	85	76	75
<b>Menn</b>	-	?	?	?	126	116	121	119	106	105
<b>Totalt</b>	227	222	262	270	239	224	223	204	182	180

### Økonomi

Friidrettsgruppa har hatt eit svært godt økonomisk år med eit samla overskot på kr 248.834. Særleg NM terrengløp, Regionale Ungdomsleker og gode sponsoravtalar bidrog til rekordhøge inntekter. Vi har gjennom 10 år med Regionale Ungdomsleker opparbeidd oss ein god kapitalbase som vil koma godt med når vi no ikkje har dette arrangementet lengre.

### Vurderingar av aktivitet opp mot målsetjingar

Dei viktigaste målsetjingane til gruppa er framleis ordna økonomi, leggja til rette for både elitesatsing og breiddesatsing i alle aldrar, rekruttering og trenar-/leiarrekruttering.

Økonomisk har også dette vore eit svært godt år. Det skuldast mykje arbeid med sponsorar og stor aktivitet på arrangementsida. Den gode økonomien gjev rom både for satsing på utøvarar og for å utdanna/vidareutdanna trenarar, dommarar og andre leiarar. Sjølv om vi har pengar på bok, veit vi at det kjem auka utgifter til kontraktar og til rehabilitering av Osterøy Stadion dei komande åra.

Aktiviteten er god både i breidda og på elitenivå, men i 2018 har vi berre hatt to kontraktsutøvarar. Det er Sigrid Borge og Trygve Feidje Mjelde. Gjennom kvalifisering til Hovud-NM på tampen av sesongen, er det også teikna kontrakt med Magnus Gjerstad for 2019. Det er mange talent i laget, så forhåpentlegvis kjem det fleire nye kontraktsutøvarar frå eigne rekkjer i åra framover. Etter sesongen vart det gjennomført eit møte med dei beste ungdomane. Her vart den store viljen til å gje eit godt sportsleg tilbod for dei som vil satsa, poengtert.

Team Ungdom har hatt eit svært godt år. Der er det god aktivitet både på trening og stevne. Mange bidreg også på arrangement som funksjonærar m.m. Det sosiale miljøet i gruppa er godt. Etter ei evaluering av styret og trenarane gjekk ein bort frå felles basistrening med resten av idrettslaget på Hatland fredagar, og gjekk heller tilbake til trening på Valestrand.

Den største utfordringa for gruppa er framleis rekruttering på trenarsida. Både partiet under 10 år på Hatland og partiet i Haus vart lagt ned på grunn av trenarmangel. På dommarfronten bør vi også ha inn fleire. Satsinga til Sigrid Borge krev mykje av sentrale aktørar i gruppa, så dersom vi skal oppretthalda breidda og rekrutteringa treng vi fleire, både av trenarar og på oppmannsida.

Dei pensjonerte veteranane er framleis viktige bidragsytarar i friidrettsgruppa, ikkje minst Karl Johan Reigstad, Vidar Simmenes og Inge Johs Reigstad.

Aktiviteten blant dei mest aktive mosjonistane er god. Her står arbeidet til Bjarte Vik og Team Batti sentralt. På breidde-sida av mosjonistar er det noko lågare oppslutning. Dette merkast både på deltakinga på treningar, på mosjonsløp og når vi skal rekruttera til styrearbeid og til dugnadar. Likeeins merkar vi det på medlemstal.

Noko av nedgangen på medlemstalsida kan kanskje også skuldast at vi ikkje er flinke nok til å registrera alle som deltek fast på treningar og melda inn at desse skal betala medlemspengar/treningsavgift.

Dei sportslege resultatata i gruppa er gode, og også i år vart det sett nye lagsrekordar.

### **Nye lagsrekordar for senior 2018**

Tresteg: Marianne Feidje Mjelde 11,09  
Spyd: Kjetil Stokke 57,53

Styret i Osterøy IL, friidrettsgruppa vil takka aktive, trenarar, funksjonærar, sponsorar og alle som har stilt opp på dugnad for innsatsen i 2018.